



## Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 28.03.2019  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

**I møte vert det orientert om Forbrukerrådet sin kommunetest.**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
010/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/2019	Godkjenning av møtebok
012/2019	Referatsaker
013/2019	Orienteringssaker
014/2019	Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken
015/2019	Endring av NGIR sin selskapsavtale
016/2019	Innmelding i Stiftinga Kystsogevakene
017/2019	Krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget med koordinering av Steinslands-/Modalsvassdraget
018/2019	Selskapskontroll 2018 - Modalen Næringsbygg AS

20. mars 2019

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 14.02.2019

## Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/60

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
012/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Referatsaker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
012/2019.1	Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy kommunar
012/2019.2	Protokoll frå møte i Kontrollutval Modalen kommune - tirsdag 12. februar 2019
012/2019.3	Protokoll Regionråd 1-2019, fredag 25. januar
012/2019.4	Årsrapport med årsregnskap 2018 - Nordhordland kemnerkontor

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy kommunar

Protokoll frå møte i Kontrollutval Modalen kommune - tirsdag 12. februar 2019

Protokoll Regionrådet 1-2019, 25. januar

Årsrapport med årsregnskap 2018 - Nordhordland kemnerkontor

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/60

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
	FE-205	19/58

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2019	Formannskapet	PS	19.03.2019
014/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

## Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

### Forslag til vedtak:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vert vist til handsaminga av Prop. 87 S (2017-2018), der Stortinget har vedtatt at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy vert avvikla. Det er lagt opp til at eksisterande prosjekt kan innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøya som ligg mellom 0 og 50 pst. av den ordinære taksten, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette.

Som ein del av oppfølginga av Prop. 87 S (2017-2018) har Statens vegvesen, Region vest informert det regionale bompengeselskapet Ferde AS om endringa i takstretningslinjene. Ferde AS har bede om at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i dei prosjekta og pakkane i regionen der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføre ein slik avgift.

Statens vegvesen, Region vest sender på denne bakgrunn saker til politisk handsaming i alle kommunar i regionen som har bompengeprojekt eller –pakker der det ikkje er fatta vedtak om betaling for nullutsleppskøyretøy.

#### Takst for nullutsleppskøyretøy

Oppheving av fritaket for nullutsleppskøyretøy medfører at kommunane og fylkeskommunen kan vedta kva for eit nivå bompengavgifta for nullutsleppskøyretøy skal ha innanfor intervallet 0-50 pst. av ordinær bompengetakst.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 25. oktober 2018 sak 254/18 om bompengavgift for

nullutsleppskøyretøy, og fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.
2. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabbert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

Vedtaket frå Hordaland er i tråd med det Stortinget har slutta seg til at kan leggast til grunn for nye bompengeprojekt. Det medfører at kommunane, innanfor ramma av det fylkeskommunale vedtaket, kan velje om ein vil innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøy på 50 pst. av den rabberte taksten for dei konvensjonelle køyretøya, eller om ein vil halde på 0 pst. i bompengetakst for nullutsleppskøyretøya, slik ordninga i praksis fungerer i dag, etter at Prop 87 S (2017-2018) vart vedteken.

Om kommunane vel å vedta eit anna takstnivå enn 50 pst. etter rabatt for nullutsleppskøyretøya vil det, slik Statens Vegvesen vurderer saka, krevje ny handsaming i fylkeskommunen.

### **Nye bompengetakster i Nordhordlandspakken**

I Prop. 87 S (2017-2018) er det omtalt at det for nye bompengeprojekt i utgangspunktet skal leggast til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 skal ha 0 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy, dersom det ikkje er fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna. Det fylkeskommunale vedtaket spesifiserer ikkje om bompengavgift for nullutsleppskøyretøya gjeld alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterar under takstgruppe 1 (inntil 3500 kg). Statens vegvesen legg difor til grunn at det vert opp til kommunane å avgjere om avgifta skal gjelde alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterar under takstgruppe 1.

For Nordhordlandspakken medfører endringa følgjande takstar (2017-prisar):

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompengetakst	Kr 19	Kr 31
Nullutslepp	Kr 7,6	

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Konvensjonelle køyretøy i takstgruppe 1 som passerer med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt.

Nullutsleppskøyretøy: Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet eller HY-registreringsskilt. Redusert takst for nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke.

### **Prosess**

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy vart presentert for kontaktutvalet for Nordhordlandspakken 13.11.2018. Ein vart i møtet einige om at Statens vegvesen sender sak til lokalpolitisk handsaming i kommunane slik at ordninga kan vere på plass i Nordhordlandspakken ved innkrevjingsstart. Saka vart presentert som orienteringssak for Regionrådet 25.01.2019.

## **Konklusjon**

Statens vegvesen tilrår kommunane i Nordhordland å fatte følgjande likelydande vedtak, i tråd med Prop. 87 S (2017-2018), og vedtaket frå Hordaland fylkeskommune av 25.10.2018:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken.

Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.



## Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
	FE-046, TI-&01	19/68

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
015/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Endring av NGIR sin selskapsavtale

#### Forslag til vedtak:

**Modalen kommune vedtar at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vert slått saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at einstilte formuleringar i NGIR sin selskapsavtale må endrast. Det er og ynskjeleg å gjera nokre endringar i selskapsavtalen som følgje av endra lovverk og/eller endra praksis.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafar som kan endrast av representantskapet med 2/3 fleirtal, og kva paragrafar som krev godkjenning i alle eigarkommunane. Dette er og regulert i Lov om interkommunale selskap, § 4 Selskapsavtale. For heile lovteksta, sjå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>.

NGIR sitt representantskap gjorde 29.10.18 vedtak om ein del endringar i selskapsavtalen, innanfor sitt mandat. Representantskapet vedtok i tillegg å råda alle eigarkommunane til å gjera vedtak om dei endringane som går fram av vedlagte endringsdokument.

Frå representantskapet sitt vedtak 29.10.18:

”Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsama saka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert

selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.”

NGIR ber om at alle eigarkommunane førebur sak til handsaming i kommunestyra i tråd med oppmodinga frå representantskapet.

**Vurdering**

Nokre av endringane i selskapsavtalen er knytta til eigarstruktur og etablering av Alver kommune, og er difor heilt naudsynt å gjennomføre. Dei fleste av dei resterande endringsforslaga er tilpasningar i forhold til lovverk som regulerer interkommunale selskap, jf § 4 – Selskapsavtale.

Rådmannen vurderer difor at det er naturleg at Modalen kommune føl oppfordringa frå representantskapet i NGIR sitt vedtak frå 29.10.2018, og dermed gjer eit likelydande vedtak som dei andre eigarkommunane.

**Vedlegg:**

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale som kommunane må godkjenna

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Framlegg til revidert selskapsavtale NGIR - Gjeldande frå 010120

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Vedlegg - Gjeldande selskapsavtale NGIR - Revidert 2018

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt		19/82

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Innmelding i Stiftinga Kystsogevekene

#### Forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at kommunen melder seg inn som medlem i Stiftinga Kystsogevekene, med verknad frå 2020

#### Saksopplysningar:

Kystsogevekene i Hordaland har vore ein sentral kulturaktør i mange år. Kystsogevekene er initiert av Hordaland fylkeskommune og er stifta i samarbeid med kommunar i kystleia.

Kystsogeveken er ein kulturfestival som går over 22 kommunar frå medio august til medio september kvart år. I Kystsogevekene er det ulike typar arrangement frå historiske spel til konsertar, marknadsdagar og mykje meir.

Kystsogeveken har eit representantskap med representantar frå medlemskommunane. Representantskapet vel styre for stiftinga og styret er høgste organ.

Kommunen sitt bidrag er eit innskot i skipningskapitalen på kr 10.000,- Ansvaret for gjennomføring av arrangement ute i kommunane ligg lokalt og i dette ligg òg lokal marknadsføring

#### Vurdering

Representant for Kystsogevekene har vore og informert i kommunestyret om stiftinga. Dagleg leiar for iModalen, påpeiker at dette er et konsept og eit nettverk som Modalen absolutt bør ver ein del av. Mange av arrangementa som Modalen har i dag, passar godt inn i Stiftinga Kystsogeveken sin profil, og med ein felles plattform, kan kommunen markedsføre desse arrangementa betre enn kommunen kan gjere på eigen hand. Samstundes vil eit felles nettverk stimulere til økt samarbeid

med kommunane i kring oss.

Kultutkalenderen for 2019 er planlagd, så 2020 vil vere eit godt tidspunkt å bli medlemn av Stiftinga Kystsogevekene.

### **Konklusjon**

Rådmannen vil rå til at det som eingongssum vert løyvd kr. 10.000,- til innmelding i Stiftelsen Kystsogevekene.

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FA-S05	19/1

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### **Krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget med koordinering av Steinslands-/Modalsvassdraget**

#### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret i Modalen kommune fremmar krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Steinslands-/Modalsvassdraget i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra i Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn**

Norge vassdrag- og energidirektorat (NVE) har i bred dagsett 11.01.2019 bedt Modalen kommune om å vurdere om kommunen vil fremme krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Eksingedalsvassdraget, Teigdalsvassdraget og koordinering med Steinslands/Modalsvassdraget. Bakgrunnen for saka er at ulike interesseorganisasjonar har fremma krav til NVE om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringa av Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget. Krava gjeld i hovudsak hovudkonsesjonen av Evanger kraftverk; *Kgl. res. av 04.03.1966: Reguleringer og overføringer i Eksingedalsvassdraget m.fl. iforbindelse med bygging av Evanger kraftstasjon.*

##### **Vurdering**

Det har i seinare tid vert gitt fleire tilleggskonsesjonar og planendringar i vassdraga. Ein samla gjennomgang av konsesjonar som skal reviderast, vert gjort i samanheng med revisjon av hovudkonsesjon, dersom det vert opna for revisjon.

I konsesjonen for Evanger kraftverk vart Skjerjevatn gjort om til tappemagasin for Evanger kraftverk. Seinare har Skjerjevatn blitt overført til Modalsvassdraget via Nygaard pumpekraftverk. Vidare omfattar Evangerkonsesjonen også andre overføringer frå Steinslandsvassdraget som Kvanngrovvatn og Holskardvatn. NVE skriv i brevet at dei meiner at Steinslands-/ Modalsvassdraget også bør inkludrast dersom det skal gjerast vilkårsrevisjon. Administrasjonen er samd i vurderinga til NVE, slik at vassdraga vert sett på under eit. Sjølv om vassdraga er regulert gjennom fleire konsesjonar, er dei som følgje av regulering knytt saman. Regulering av vassdrag er arealkrevjande og omfattar mange interesser og interessentar. Administrasjonen meiner det er positivt at NVE vil sjå på revideringa av fleire konsesjonar samla dersom det ønskes.

Krava om revisjon av vilkår er så langt fremma av interesseorganisasjonar. NVE viser til at det i retningslinene for revisjon av konsesjonsvilkår i vassdrag frå Olje- og energidepartementet. Her vert det uttalt at krav til revisjon av vilkår normalt bør fremmast og koordinerast gjennom kommunane. NVE ber derfor kommunane som er omfatta av reguleringane om ei kort utale om dei vil ynskjer å fremme revisjonskrav, og eventuelt kordleis kommunane ynskjer å koordinere arbeidet. Det er kommunane Voss, Vaksdal, Vik og Høyanger i tillegg til Modalen kommune som skal ta stilling til revisjon av konsesjonsvilkår. Eit slikt krav kan baserast på andre allmenne interesser enn det som interesseorganisasjonane har påpekt i sine krav.

Frist for tilbakemelding til NVE om kommunen ynskjer å fremme krav er 1. april 2019. Kommunen må ettersende eventuelle krav innan 1. juli 2019.

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at det vil vere naturleg å inkludera Steinslands-/Modalsvassdraget i vilkårsrevisjonen av Eksingedalsvassdraget og Teigdalvassdraget då reguleringane er knytt saman. Det vil difor vere riktig at Modalen fremme krav om revisjon av konsesjonsvilkår til NVE. Administrasjonen meiner vidare at dei kommunane som fremmar krav om vilkårsrevisjon til desse konsesjonane bør samordne seg og jobba med eit felles krav/framlegg til NVE.

### **Vedlegg:**

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Eksingedalsvassdraget og Teigdalvassdraget samt koordinering med Ste (L)(29054)

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
	FE-216, TI-&58	18/164

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2019	Kommunestyret	PS	28.03.2019

### Selskapskontroll 2018 - Modalen Næringsbygg AS

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp selskapskontrollen ved å innføre rutinar og utarbeide føreslegne dokument som vert å leggje fram for vedtak i kommunestyret.

Kommunestyret ber ordførar om å følgje opp dei punkta som gjeld endringar i selskapet sine vedtekter og styrearbeid.

Innan juni 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Selskapskontrollen er utført som avgrensa eigarskapskontroll av Modalen Næringsbygg AS på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte den 07.12.2017, sak 21/17.

I arbeidet har revisjonen innhenta informasjon frå både kommunen, selskapet og andre kjelder. Rapporten byggjer på dokumentanalyse og verifiserte intervju. Ein førebels rapport vart sendt på høyring til kommunen, selskapet og selskapet sin revisor. Følgjande problemstillingar er lagt til grunn:

1. I kva grad har kommunen etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i Modalen Næringsbygg AS?
2. Korleis er verksemda i Modalen NæringsbyggAS sett frå eit eigarperspektiv?

Revisjon har for kvar problemstilling utarbeida ulike revisjonskriterium som er nærmare vurdert i rapporten for å belyse desse problemstillingane.

### **Vurdering**

Revisjonen har med grunnlag i sine vurderingar tilrådd Modalen kommune å:

- utarbeide og vedta i kvar kommunestyreperiode ei eigarskapsmelding som fastsett overordna prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskap, gjev oversikt over kommunen sine eigarpartar i selskap, og forankrar kommunikasjonsrutinar mellom kommunestyret, eigarrepresentantar og selskapet;
- utarbeide og vedta i kvar kommunestyreperiode ein selskapsspesifikk eigarstrategi som regulerer styringa av selskapet, sikrar medviten eigarstyring og openheit, og ei medviten haldning til selskapet sitt føremål;
- etablere rutine for å gje skriftleg fullmakt til eigarrepresentantar i selskap kommunen har eigarpart i, samt utarbeide tydeleg rolle- og ansvarsskildring for eigarrepresentantar;
- ta initiativ til å vedtektsfeste valkomitè ved nominasjon av nye styremedlemmer, og at nominasjonen grunngjevast med vurdering av forventningar, kompetanse, kjønnsmessig balanse og habilitet;
- oppmode selskapet til å utarbeide styreinstruks med rammer og rutinar for styret sitt arbeid som sikrar tilstrekkeleg kompetanse og kompetanseutvikling, at styreprotokollar vert signert, og at styremedlem registrerer seg i Styrevervregisteret.

### **Konklusjon**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet ber rådmannen følgje opp selskapskontrollen ved å innføre rutinar og utarbeide føreslegne dokument som vert å leggje fram for vedtak i kommunestyret.

Kontrollutvalet ber ordførar om å følgje opp dei punkta som gjeld endringar i selskapet sine vedtekter og styrearbeid.

### **Vedlegg:**

Særutskrift - Modalen kontrollutval